

Retningslinjer for Hareid folkebiblioteks vener i ei prøveperiode på 1 år frå hausten 2025

- Hareid folkebiblioteks vener hjelper til og støttar opp om aktivitetar i regi av Hareid folkebibliotek.
- Veneforeninga kan vere ein formidlar av publikum sine ynskjer og behov overfor biblioteket.
- All innsats er basert på frivilligheit.
- Medlemskap i veneforeninga er gratis.
- Medlemmar i veneforeninga kan hjelpe til med klargjering og rydding ved arrangement, brannvakter ved arrangement mm. Leiar er kontaktperson.
- Hareid folkebiblioteks vener kan sjølv arrangere litteraturkveldar eller andre arrangement på biblioteket i samarbeid med bibliotekleiar.
- Dei faste litteraturkveldane er ein del av veneforeninga sitt arbeid. Veneforeninga har eige Vippsnummer som merkast litteraturkveldar.
- I biblioteket sine retningslinjer står dette: Arrangement på biblioteket skal vere ope og gratis for alle. Frivillige lag og organisasjonar har høve til å oppmode publikum om å vipse til laget/organisasjonen. Ved Vipps under arrangement der veneforeninga er medarrangør, så **skal** det skal det vipsast til Veneforeninga.
- Vipsinntekter styrast av kven som skal betale faktura, veneforeninga, biblioteket eller eit lag eller organisasjon.
- Inntektene til veneforeninga skal nyttast til utgifter i samband med arrangement og utstyr til biblioteket.
- Lag og organisasjonar som låner biblioteket må ordne seg sjølv praktisk og økonomisk. Der biblioteket er medarrangør kan det søkast samarbeid med veneforeninga.

